



Werner Bockreiss frå Bayern og Jürgen Wendt frå Hamburg reinskar lange på Rabben søndag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Påskan er over og dei som kjem til Uskedalen no om dagen er av ein annan kategori enn påskegjestene. Dei er til dømes tyske turistar som fiskar. Førebels er det fire av dei på Rabben Feriesenter.**

Sundag ettermiddag traff uskedalen.no to av tyskarane i intenst arbeid med sløyving av fisk og Werner Bockreiss frå Kempten i Bayern og Jürgen Wendt frå Hamburg hadde tydelegvis hatt ein vellukka start på Uskedal-opphaldet som varar veka ut.

Fangsten var stort sett lange, men også nokre fiskeslag som vi nordmenn ikkje set så stor pris på som tyskarane...

Jürgen har vore i Noreg og fiska fem gonger før og Werner 10 gonger, men for begge er dette første gongen dei har Uskedalen på reiseplanen.

Korleis dei kom akkurat hit? Jau, dei fann heilt enkelt Rabben på nettet!

Vertskapet på Rabben er sjølvsagt glad for at innsiget av tyskarar har starta og at det har skjedd til kva som kan kallast normal tid. Fleire kjem etterkvart og vert Magne Heggøy slår fast at turistsatsinga i Uskedalen ikkje hadde vore mykje verd utan det tyske innslaget.

I fellesferien i juli er sengane stort sett fylt opp av nordmenn, men så er det dette som dei i bransjen kallar 'skulder-sesongane'- altså før og etter. Det er her tyskarane kjem inn i билетet og utgjør den store forskjellen.

Også denne sommaren vil trufaste Siggj Klemm komma til Rabben med mange turistar. Han vil vera på plass allereie 17. mai med ein fylt minibuss, men den største gruppa kjem han med i august.

Framleis gjeld restriksjonen som går ut på at kvar tyskar ikkje har lov til å ta med seg meir enn 15 kilo fisk heim. Men Heggøy slår fast at denne grensa ikkje representerer noko problem.

- Tyskarane held seg til grensa, opplyser han.

Av Ola Matti Mathisen